

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



Møtedato: Fredag 27.5.2011
Stad: Hemsedal, kommunehus

Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Halvard Lilleslett,	Hol kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune
Kåre Olav Solhjell,	Gol kommune

**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontaktane Dag Stenersen og Nils Petter Undebakke.

Rådmannsutvalet deltok i sak 25, 26, 27, 30, 31

SAK 25/11 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 25.3.2011

Vedtak

Møteprotokoll 25.3.2011 vart vedteke.

SAK 26/11 VASSOMRÅDE HALLINGDAL, ORIENTERING

Prosjektleiar Ellen Stabursvik orienterte om arbeidet med vassområde Hallingdal som er i oppstartsfasen. Ellen Stabursvik er tilsett som prosjektleiar med 50% stilling for Hallingdal og 50% stilling for Valdres, med kontorlass Hemsdal kommunehus.

Styringsgruppe for vannregion Hallingdal er ordførarane i Hallingdal og Krødsherad kommune, og Kjell Ålien som representant for Buskerud fylkeskommune.

Prosjektgruppe vil bli sett saman av representantar frå kommunane som dekkjer fagfelt som:

- Vann/avløp
- Landbruk
- Skog
- Miljø
- Plan

Rådmannsutvalet har ansvaret for å peike ut representantar til prosjektgruppe.

Aktuelle temagrupper/referansegrupper vil bli vurdert og etablert etter kvart.

SAK 27/11 INN PÅ TUNET, ORIENTERING.

Prosjektleiar for Inn på Tunet prosjektet i Hallingdal, Marit Torsrud Nerol, orienterte om arbeidet.

SAK 28/11 ORIENTERING, INNSPEL OG DRØFTING I SAMBAND MED ARBEIDET NY FYLKESVEGSTRATEGI OG KOLLEKTIVTRAFIKKPLAN FOR BUSKERUD FYLKESKOMMUNE.

I saka deltok:

Gro Ryghsæter Solberg, samferdselssjef, Buskerud fylkeskommune
Magne Rognerud, samferdselsrådgjevar, Buskerud fylkeskommune
Helge Wetterstad, samferdselsrådgjevar, Buskerud fylkeskommune

Hilde Ringen Kommedal, Statens vegvesen
Kari Ovesen Haugland, utviklingssjef, Buskerud Kollektivtrafikk,

I samband med drøfting om arbeidet med ny fylkesvegstrategi kom det m.a fram følgjande synspunkt/spørsmål:

- Nødvendig med godt samspel mellom kommunane og fylkeskommunen i forhold til kommunal planlegging.
- Spørsmål om etterslep på vedlikehald. Fylkeskommunen er i gang med eit arbeid for å kartlegge kva det reelle etterslepet i høve til vedlikehald er, på fylkesvegane.
- Variabel standard på Fv.213, Fv.51, Fv.244
- Fv40 og Fv50 stort sett bra, men enkelte stubbar “eit sorgens kapittel”.
- Problemstillingar i forhold til rekkefølgjekrav i Flå (Fv. 202, Fv. 203)
- Kommunane har nesten gjeve opp å bli prioritert i forhold til gangvegar.
Det er sett i gang ei kartlegging i forhold til skulevegar, mellom anna med tanke på å vurdere enklare løysingar enn det som er dagens standard/krav.
- Nokon av dei strategiske vala vil vera prioritering av vedlikehald i forhold til investeringar.
- Fylkesvegar med same standard på begge sider av fylkesgrenser

Det vil bli nytt møte til hausten før planforslag blir lagt fram.

Kollektivtrafikkplan

Overordna mål 1 (forslag):

I Buskerud skal kollektivtrafikken primært tilrettelegges for arbeidsreiser og skoleskyss for å bygge opp under ønsket regional utvikling.

- *Kollektivtilbudet skal primært utvikles der markedspotensialet er størst internt i fylket og for fylkeskryssende reiser mot Oslo og Akershus*
- *Kollektivtrafikkssystemet skal tilrettelegges med en grunnstruktur som bygger opp under jernbanenettet og er lett å bruke for kunden*

Overordna mål 2 (forslag):

I Buskerud skal kollektivtrafikken tilrettelegges med tanke på et bærekraftig Transportsystem med redusert ressursforbruk og lavere forurensning samt høy Trafiksikkerhet.

- *Kollektivtilbudet skal spille en aktiv rolle i Oslofjord-regionens mål med å redusere klimagass-utslippene.*
- *Kollektivtrafikkssystemet skal følge opp fylkets trafiksikkerhetsplan.*

Aktuelle delmål for Hallingdal:

- *I distrikter, som pekes ut i planen, skal kollektivtrafikken med buss tilby et reisetilbud som er med på å sikre innbyggerne en grunnleggende mobilitet.*
- *Hovedknutepunkt/ linjenett/ prisser enkle og forutsigbare/ vare over tid. Understøtte fylkeskommunens og kommunenes langsiktige planlegging.*
- *Lange regionale reiser med buss skal komplettere togtilbuddet og styrke reiselivet.*
- *Buskerud/ Østlandspakka påvirker staten til å gi gode togtilbud på lokaltog, regiontog og fjerntog.*
- *Materiell, informasjonssystem og infrastruktur skal være universelt utformet.*

I samband med drøfting om arbeidet med kollektivtrafikkplan kom det m.a fram følgjande synspunkt/spørsmål:

- Må etablere eit godt kollektivtrafikktibod internt i Buskerud, men og inn/ut av Buskerud.
- Kollektivtransport i forhold til reiselivsnæringa sine behov og mogelegeheter må vurderast nærmare.
- Viktig å sjå buss/tog i ein samanheng og legge til rette for mest mogleg fleksible løysingar/tilretteleggingar.
- Knutepunkt i Hallingdal, både Gol og Geilo.
- Vurdere pendlarbuss internt i Hallingdal.
- Vurdere meir fleksible ordningar med bestillingssystem.

SAK 29/11 SØKNAD OM TILSKOT TIL HOVUDPROSJEKT "ØRRETENS RIKE, FRA "FRA FJELL TIL FJORD".

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 50.000 til eit tre-årig hovudprosjekt "Ørretens Rike fra Fjell til Fjord".
2. Tilskotet blir finansiert av partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2011.

SAK 30/11 DRØFTING, TILSKOT TIL PROSJEKT- OG DRIFTSARBEID I HALLINGKOST.

Regionrådet/rådmannsutvalet drøfta søknad frå Hallingkost BA om ei årleg støtte til prosjekt- og driftsarbeid på kr. 200.000, etter same modell som har vore dei tre siste åra.

Vedtak

Med bakgrunn i søknad om tilskot frå Hallingkost til kommunane i Hallingdal, skal dagleg leiar laga felles sak til regionrådsmøte i juni.

SAK 31/11 EVENTUELTT

Partnarskap for NAV Hallingdal

Rådmannsutvalet orienterte om status for partnarskapet for med NAV Hallingdal (Hallingdalsmodellen).

Ut frå endringar i oppgåver for NAV-kontora i Hallingdal med kontaktsenter og etablering av habilitetseining er det ein prosess for å klargjera konsekvensar.

Utgangspunktet frå rådmannsutvalet er at dei støttar seg på gjeldande politiske vedtak, og at Hallingdalsmodellen står fast.

Status barnevern

Etter dei siste opplysninga vil Hallingdal Barnevernteneste flytte inn i nye lokaler Ca. 15. september. På neste regionrådsmøte skal det gjevast ei nærmare orientering om status for Hallingdal Barnevernteneste.

Vestre Viken HF

Som styremedlem i Vestre Viken HF orienterte Oddvar Grøthe om situasjonen i foretaket, der den økonomiske situasjonen er ei av hovudutfordringane.

Sjå og protokoll frå styremøte 26.5.2011:

http://www.vestreviken.no/omoss/styret/Documents/Styrem%C3%B8ter%202011/2011-m05_m%C3%B8teprotokoll.pdf

Revisjon Hallingdal Kraftnett

Gol kommune lagar svar på revisjonsmerknad for Hallingdal Kraftnett, på vegne av kommunane i Hallingdal.

Ål 10.6.2011

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg til sak 28/11:

- Vedlegg 1; Presentasjon vedr. arbeidet med ny fylkesvegstrategi, Gro Ryghseter Solberg
- Vedlegg 2; Presentasjon vedr. arbeidet med ny fylkesvegstrategi, Magne Rognerud
- Vedlegg 3; Presentasjon vedr. arbeidet med kollektivtrafikkplan, Helge Wetterstad